



Søknad om følgjekort for funksjonshemma

Ordninga skal gje auka tilgjenge til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel. Følgjekortet skal fungere som eit verkemiddel til å førebyggje isolasjon, og medverke til å gje auka livskvalitet. Ordninga omfattar personar som har ei funksjonshemming som vil vare minst 2-3 år. Nedre aldersgrense for søkjar er 8 år.

Før du fyller ut søknadsskjemaet bør du lese gjennom egne retningslinjer for tildeling av følgjekort. Passfoto skal leggjast ved søknaden.

Søkjar sitt namn:	Fødselsdato:
Adresse:	Postnr./stad :
E-post:	Telefon privat:
Telefon på dagtid:	Mobiltelefon:

Type funksjonshemming:

<input type="checkbox"/> Rørslehemma <input type="checkbox"/> Hørselshemma <input type="checkbox"/> Skult funksjonshemming (t.d. alvorleg psykiske lidingar, hjarte- og lungesjukdom, allergiar og liknande).	<input type="checkbox"/> Synshemming <input type="checkbox"/> Tale- og kommunikasjonsvansvar <input type="checkbox"/> Andre: _____
<input type="checkbox"/> Avhengig av tekniske hjelpemiddel: _____	
Kort grunningjeving for søknaden (kva ved di funksjonshemming gjer at du treng følgjekort?)	
Eg gjev med dette tenestetorget fullmakt til å innhente opplysningar frå følgjande instansar/kontaktpersonar ved handsaming av søknad:	
<input type="checkbox"/> Omsorgstenesta v/_____	
<input type="checkbox"/> Sosialtenesta v/_____	
<input type="checkbox"/> Lege v/_____	
<input type="checkbox"/> Andre, skriv namn/instans her: _____	

Stad: _____

Dato: _____

Underskrift: _____

Følgjekort skal gje funksjonshemma med trong for hjelp same høve som andre til å delta i aktivitetar i samfunnet.

Følgjeperson til den funksjonshemma slepp betale avgift/billettar på visse kulturarrangement og på reiser saman med den funksjonshemma. Følgjekortet er ei stadfesting av trongen for slik hjelp, og gjev tilgang til nærmare definerte aktivitetar/transportmiddel.

Hovudregel for tenesta:

Ordninga skal gje auka tilgjenge til offentlege kultur- og fritidsarrangement, og til offentlege transportmiddel. Følgjekortet skal fungere som eit verkemiddel til å førebyggje isolasjon og dermed medverke til å gje auka livskvalitet.

Følgjekort skal ikkje kome i staden for andre ordningar som for eksempel støttekontakt og avlasting. Ordninga skal berre gjelde for menneske som grunna funksjonshemming ikkje kan delta i samfunnet utan å ha med seg følgje.

Psykisk og fysisk funksjonshemma som treng følgje, kan søkje.

Ordninga omfattar personar som har ei funksjonshemming som vil vare minst 2-3 år (jf Folketrygdlova). I kvart enkelt tilfelle blir det vurdert om funksjonshemminga er varig nok til at kravet er oppfylt. Svekket helsetilstand grunna høg alder kvalifiserer ikkje automatisk for følgjekort. Nedre aldersgrense for søkjarar er 8 år. Ei heilskapleg vurdering kan ein gjere unntak frå kravet til alder i særskilde høve. Vurderinga tar då utgangspunkt i kva søkjaren kunne ha delteke i på eiga hand dersom vedkommande ikkje hadde vore funksjonshemma.

Bruksområde:

Følgjekortet gjeld tilgang til dei aktivitetar, bygningar og transportmiddel m.v. som aksepterer ordninga. Det offentlege fastsette symbolet er sett opp på stader som aksepterer ordninga. Ordninga er landsdekkjande og kan brukast over kommune- og fylkesgrensene. På reiser der funksjonshemma løyser ordinær billett, får ho/han ta med seg følgje gratis der ein godkjenner følgjekort. Det vert understreka at "ordinær" billett er den til kvar tid gjeldande pris for ein person. Følgjekortet skal kun nyttast til fritidsreiser - ikkje reiser som blir dekkja gjennom trygdeordningar.

Den funksjonshemma vel sjølv kven ho/han vil bruke som følgje frå gong til gong. Tilrådd aldersgrense for følgje er 16 år. Eit følgjekortet gjeld for ein tidsbolc på inntil 4 år om gongen. Om behovet framleis er tilstades etter 4 år må søkjar fremje ny søknad.

Vilkår:

Nedre aldersgrense er i utgangspunktet 8 år. Søkjar må vere folkeregistrert i Kinn kommune. Tilrådd aldersgrense for følgje er 16 år.

Saksgang:

Nærare informasjon om ordninga kan du få ved å ta kontakt med Informasjon og service, tlf. 57 75 60 00. Her kan du også få hjelp til utfylling av skjema.